

Til Festidalen med 52 fots fiskeskøyte.

05.08.2017



MOR DI 2 frå Tysnes til kai i Uskedalen.

Uskedalen.no likar å skriva om seglbåtar og andre farty i Storsund og i båthamna. Vi sperra opp augo fredag då fiskeskøyta MOR DI 2 la seg til på ei flytebrygge inst i hamna på Rabben Feriesenter. Den 52 fot store fiskebåten kom frå Tysnes og skipper Yngve Vevatne likar å sei at eigaren er MOR DI SHIPPING.

Fartyet er kjøpt i Øygarden for 3 år sidan og har drive fiske fram til 2007. Maskinen er ein Detroit D8 på om lag 200 HK. Det er forresten den same maskinen Forsvaret brukar i sine beltevogner. Farten har kryssarhekk og går med ein maksfart på 7 - 8 knop.

I dag vert fartyet brukt som fritidsbåt, mellom anna på festivalar langs kysten. På Tysnesfest vert Yngve ofte spurta om å bruka båten som såkalla mottaksbåt på Våge. Han tek mot gjester som kjem i større båtar og syner dei til rettes i hamna. Båten vert teken på slipp ein gong i året for reingjering og oppussing. Det vert gjort i Nortveitgrend.

PÅ Uskedalsturen var det 8 menneske ombord, som alle hadde kosa seg på Festidalen fredagskvelden. Alt laurdag før kl. 12 kasta dei loss og turen gjekk attende til heimekommunen Tysnes.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Eigaren Yngve Vevatne (t.v.) med eit mannskap på 6 nyttida tida på Festidalen fredagskvelden.